



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2013/1827

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 10.9.2013	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Sølvi Hanssen	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Birgitte Moe	

Andre:
Kristin Øien, Stamina Helse

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	Ikkje fastsett dato

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

9/2013	<p>Statusorientering – Regional delplan tannhelse (SAMU-T hadde fellesmøte med prosjektgruppa for planarbeidet under denne saka.)</p> <p>Framlegg til Regional delplan tannhelse har vore på høyring i perioden 29.5-26.8.13. Det har kome 13 høyringsinnspel til planen. 9 av desse er frå kommunar, og 7 av kommunane er i dag vertskommunar for einmannsklinikkar. Nokre av innspela understrekar dei prioriteringane som alt ligg føre i planen. Dei aller fleste av høyringsmerknadene frå kommunane fokuserer på endringar i klinikkstrukturen og er kritiske til det kommunane forventar planen vil gi av negative konsekvensar for tannhelsetilbodet i kommunen. SAMU-T og prosjektgruppa gjekk gjennom alle høyringsmerknadane. Medlemmene var samde i at høyringsrunden ikkje gir grunnlag for å tilrå endringar i planen. Det er viktig å halde fokus på at kvalitativ god, stabil og forsvarleg tannhelseteneste krev kompetent tannhelsepersonell, og eit pasientgrunnlag for klinikkeiningane som er stort nok til å skape eit robust og rekrutterande fagmiljø. Regional delplan skal behandlast av fylkesutvalet/planutvalet 1.10 og i fylkestinget 15.10.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orientering om høyringsinnspel og status i arbeidet med regional delplan tannhelse til vitande.</p>
10/2013	<p>Sjukefråversutvikling 2. kvartal 2013 Det vart lagt fram talstatistikk på total fråversprosent, distriktsvis fråversprosent, fordeling av fråveret i distrikta på fråverslengde, samt utvikling</p>

	<p>i fråveret 2. kvartal dei siste åra. Sjukefråveret 2. kvartal er 8,6 % mot 5,5 % same kvartal i 2012. Tala indikerar at fråveret er på veg opp att, etter ein svært positiv trend i 2012. Det er som tidlegare store distriktsvise variasjonar.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 2. kvartal 2013 til vitande.</p>
11/2013	<p>Fylkestannlegens etatssamling 2014 23. og 24. september 2014 er fastsett som datoar for neste års etatssamling. Samlinga blir også denne gongen lagt til Molde og hotell Rica Seilet. SAMU-T får rolla som programkomite. Hovudtema (dag 1) er allereie på plass, akuttannmedisinske problemstillinger v/ kompetanseperson fra UiB, Geir Evensen. Andre moglege tema er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - profesjonalietsprosjektet, felles bedriftskultur, "kundebehandling" - "den gode tannklinikken", v/ ressursperson frå DOT Nordland <p>Elles er det viktig å "eksponere" våre egne tilsette og aktuelle prosjekt som er på gang. Medlemmene vart utfordra på å spele inn aktuelle tem og namn på aktuelle foredragshaldarar. Også idear til underhaldning er ønskeleg.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T blir programkomite for etatssamlinga 2014.</p>
12/2013	<p>Byggsaker i tannhelsesektoren - saksbehandlingsreglar Det vart orientert om at fylkestannlegen no etablerer eit tettare samarbeid med byggje- og vedlikehaldsseksjonen (BYVE) i administrasjonsavdelinga for å sikre naudsynt byggfagleg kompetanse i pågåande og framtidige leige- og byggjeprosjekt i tannhelsetenesta. Der er laga utkast til retningslinjer som viser oppgåver, ansvarsnivå og framdrift i samband med leige av lokale eller samarbeid om å byggje nye lokale for distriktstannklinikkar, i samsvar med gjeldande reglar for saksgang i fylkeskommunale byggeprosjekt.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar utkast til retningslinjer for byggjesaker tannhelsesektoren til vitande.</p>
13/2013	<p>Orientering om funksjonsprogram for eventuell ny distriktstannklinik Sunndalsøra Sunndal kommune har planar om å samlokalisere kommunale legetenester og poliklinikkane saman med PP tenesta, distriktstannklinikken og politiet i eit nytt distriktsmedisinsk senter. Distriktstannklinikken i Sunndal held i dag til i nylig opprusta kommunale lokalar som er godt tilpassa verksemda og brukarane. Det er enno ikkje gjort nokon avtalar mellom Sunndal kommune og fylkeskommunen i høve til det nye distriktsmedisinske senteret. For å sikre at tannklinikken sine behov blir ivaretatt i eit eventuelt nytt senter har BYVE og fylkestannlegen utarbeidd eit funksjonsprogram inklusive detaljerte funksjonskrav til lokalar og utstyr. Programmet skal behandlast i kultur- og folkehelseutvalet 11.9 og fylkesutvalet 30.9.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orientering om funksjonsprogram for eventuell ny distriktstannklinik på Sunndalsøra til vitande.</p>
14/2013	<p>Oppfølging av hørselstestar I samband med behandlinga av HMS-årsrapport 2012 (sak 3/2012) gjorde SAMU-T vedtak om at distrikta skal prioritere hørselstestar og risikovurdering av støyfaktorar i samband med vernerundar/arbeidsmiljøkartlegging i 2013. Per dato har alle distrikt, med unntak av Nordmøre, gjennomført hørselstest og støymålingar. Stamina Helse v/Kristin Øien orienterte om funna som hittil er gjort.</p>

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om status i høve hørseltesting og støykartlegging til vitande. Før vidare oppfølging skal alle tilsette ha fått tilbod om å gjennomføre hørselstest.